

Nye takstar og rabattar for rv. 7/rv. 13 Hardangerbrua



Den 01.07.24 kl 12:00 vert bompengetakstane for bomstasjonen til Hardangerbrua justert etter konsumprisindeksen (KPI). Samstundes reduserast rabatten for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 frå 50 til 30 prosent etter fråtrekk av brikkerabatt. Takstane vert justerte med grunnlag i takstvedtak fatta av Vegdirektoratet 16.05.24.

Nye takstar frå 01.07.24

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinære køyretøy og nullutsleppskøyretøy utan avtale	135,00 kr	402,00 kr
Ordinære køyretøy med AutoPASS-avtale	108,00 kr	402,00 kr
Nullutsleppskøyretøy med AutoPASS-avtale	75,60 kr	0,00 kr

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Øvrige rabatt- og fritaksordningar fortset som tidlegare.

Takstvedtaket er tilgjengeleg på <https://ferde.no/takstvedtak/>

Takstendringa kan klages på til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage kan sendast til Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller firmapost@vegvesen.no

